

# Møtereferat

Dato: 12. mars 2024

Emne:	Innovativ skredsikring – Digital dialogkonferanse i tidleg marknadssdialog		
Til stades:	Vestland fylkeskommune, Leverandørutviklingsprogrammet, og ei rekkje leverandørar/konsulentar. Totalt ca. 35 i møtet.		
Forfall:		Sak: 2024/2831	
Møtetid:	9:30-11:00	Møtestad: Teams	

**Møteleiar: Monika Øksnes**

**Referent: Monika Øksnes**

- Velkomst og presentasjon av deltakarane frå Vestland fylkeskommune
- Leverandørutviklingsprogrammet (LUP) om tidleg marknadssdialog v/ Kjersti Granaasen
- Om Vestland fylkeskommune, vårt arbeid med innovativ skredsikring og våre behov v/ Monika Øksnes
- Kort pause for beinstrekk og påfyll av kaffe/te
- Om Vestland fylkeskommune sitt arbeid med klima og klimakrav i anskaffingar v/ Brit Borsheim Henriksen
- Opning for spørsmål

**Spørsmål, kommentarar og svar:**

- Vil det vera ein kontrakt for fysiske sikringar i pilotprosjektet og kor mange?**
  - Løysingane må passe til skredpunkta. Vi har sett på nokre kandidatar, men har ikkje låst oss på stad eller tal skredpunkt vi vil teste endå.
- Tenker dere at det skal benyttes andre sikringstyper på tradisjonell skredsikring enn det som finnes i dag? Altså nyvinningar.**
  - Vi er ikkje ute etter å erstatte tradisjonelle sikringar, men ønsker fleire typar å spele på som eit tillegg.
- Hei spørsmål. Kunne det være en ide å søke midler til prosjektene, og kanskje invitert forskningsmiljø og innovasjon Norge til dialogmøte?**
  - Vi har ikkje bestemt oss for å forske. Vi er hovudsakeleg interessert i det som finnes i markedet eller vil finnes i nær framtid.
- I forhold til innspill om modeller så MÅ samspill benyttes slik at entreprenør og leverandørkompetansen kommer inn før endelig løysning landes. Spannende!!**
- I høve miljø. Vert det teke med i tankane om å nytte lokale leverandørar for t.d. autovern (lokale produsentar har eit lågare klimaavtrykk grunna transport).**
  - Godt poeng, men vi er underlagt EØS lovverk. Det vil seie at vi er pålagt å følgje lova for offentlege anskaffingar og kan ikkje avgrense som gjer at berre lokale leverandørar kan levere i ein konkurranse. Prioriterer klima og miljø kriterium.
  - Viss vi finner at det er forholdsmessig viktig med lokale leverandørar for klima kan det ha betydning.
- Kan de 50 mill bli delt på 2 eller flere lokasjoner / prosjektet?**

- a. Ja, men vil avhenge av budsjett.
  - b. **Kommentar: Ikkje lov å dele opp kontraktar. Då må dei vera heilt forskjellige. Viss det er tydleg at kontrakten kan delast opp.**
    - i. Vi kjem til å halde oss til lovverket. Forskrifta gjev føringar kring oppdeling av kontrakt for å unngå å kome under terskelverdien.
7. **Innspel til klima – viktig å få opp sikring raskt, då vente-trafikk under stenging har eit utslepp i seg sjølv.**
8. **Er det aktuelt å benytte ekstern (fag)kompetanse for vurdering av sikringseffekt/evaluering av prosjekt el.? Eller sitter VLFK på tilstrekkelig kompetanse selv?**
  - a. Har ikkje tatt stilling til det, men vi har tilstrekkeleg kompetanse for vurderingar langs vårt vegnett. Om det er utilstrekkeleg hentar vi inn den kompetansen vi treng..
9. **Hvis man må levere et miljøregnskap i innleveringen og vekter det i anbudet, så vil man jo komme godt ut med en lokal leverandør ☺**
10. **Ved de stedene dere ikke finner det kostnadseffektivt å innføre fysiske sikringstiltak, kan man da ha sensorer som detekterer ras og automatisk stenger veien?**
  - a. Både ja og nei. Avhenger av det som kjem ned.
  - b. Om ein har eit system som kan stenge kvar gong for stein, så vil det ikkje gje meir open veg.
11. **Innspill. Prosjekterende og konsulent i utredningsfasen er nøkkelen for klima og miljø hensyn**
  - a. Einig.
12. **Vedrørende tidsplanen. Det planlegges for konkurranse gjennomføring i sommerferien. Kan det skyves til etter ferien?**
  - a. Skal ta med oss innspelet i vurderinga av vegen vidare.
  - b. I den grad vi legg dette ut før sommarferien, så legg vi til vekene med sommarferie for å sikre tilstrekkeleg tid. Det er nokre aktørar som liker å få utlysing før ferien, slik at ein har betre tid til planlegging.
13. **Kort om t.d. autovern er det ikkje tenkeleg at autovern produsert i Vik i Sogn ved prioritering framfor autovern levert utanfor EØS-området er i strid i høve EU**
  - a. Vi viser til anskaffingsregelverket.
  - b. **Kommentar mtp. russisk andel:**
    - i. Det er ein eigen bestemmelse i konkurransegrunnlaget vårt på dette
  - c. Autovernelement frå Kina har nok eit større klimafotavtykk enn tilsvarande frå Vik i Sogn. Vi ber om EPD og det vil ivareta klima og miljøavtrykket, då det tek føre seg både uttak av material, produksjon og transport.
  - d. Det er også eigne bestemmingar om samfunnsansvar, barnarbeid m.m.